

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skrevet: 07.03.2005
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og andre myndigheitskrav i perioden 15.01.05 - 28.02.05**

Styresak 27/05 O
 Administrerende direktør si orientering pkt 7

Styremøte 15.03. 2005

Oversikt over nye lovar og lovendringar i perioden 15.01.05 – 28.02.05

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endringa gjeld	Kommentarar/status
Lov om folketrygd m.m.	11.02.05	Stortinget har vedtatt ein omlegging av finansieringsordninga for poliklinisk laboratorieverksemd og radiologi frå 1. september 2005. Den endra føresegna i folketrygdlova § 5-5 regulerer vilkåra for at trygda skal yte refusjon for laboratorie- og røntgentenester utført av private verksemdar. Det er no stilt krav om at tenesta må vere omfatta av avtale mellom den private verksemda og regionalt helseføretak.	Helse Vest har kunngjort anbuds-konkurransar for kjøp av laboratorie- og røntgentenester. Det er lagt opp til at nye avtaler skal vere klåre innan 01.05.05, jf. krav stilt i bestillar-dokumentet for 2005. Dei nye avtalene vil gjelde frå 01.09.05.

Oversikt over nye forskrifter og forskriftsendringer i perioden 15.01.05 – 28.02.05

Lov	Dato for kunngjering	Kva lover/endringa gjeld	Kommentarar/status
Forskrift om tapping, testing, prosessering, oppbevaring og distribusjon av humant blod og blodkomponentar og handsaming av helseopplysingar i blodgiverregistre.	08.02.05	Ny blodforskrift. Forskrifta gjeld for tapping, testing mv av humant blod og blodkomponentar uansett om føremålet er transfusjon eller tilverking av legemidlar. Den gjeld ikkje for alminneleg blodprøvetaking eller for tapping av blod i undervising. Føremålet er å sikre eit høgt vern for blodmottakarar og blodgivarar, mellom anna for å hindra overføring av smitte og for auka tryggleik og kvalitet på humant blod og blodkomponentar utan omsyn til bruk.	

Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og Omsorgsdepartementet i perioden 15.01.05 – 28.02.05

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Pålegg om elektronisk melding av fødsler	18.01.05	Med heimel i Medisinsk fødselregisterforskriften § 2-2 gir HOD i brevet pålegg om at helseføretaka skal gå over til elektronisk melding av fødsler i løpet av 2005. Utgifter i forbindelse med avsending av fødselsmeldingar frå det einskilde helseføretak skal dekkast av føretaket. I brev til føretaka 23.01.05 har Helse Vest bedt om at føretaka følgjer saka opp med aktuelle tiltak slik at rapportering til Medisinsk fødselregister kan skje elektronisk innan utløpet av 2005.
Manglande kvalitet på innrapportering av data frå helseinstitusjonar	25.01.05	HOD påpeiker i brevet mangelfull innrapportering av verksemdsdata frå ulike institusjonar, noko som medfører dårleg kvalitet og mangelfulle grunnlagstal til bruk innan områda ISF, ventetidar, tvangsbruk, kvalitetsindikatorar, statistikk og forskingsformål. Helse Vest blir bedt om straks å setje i verk nødvendige tiltak slik at innrapportering av data skjer etter dei retningslinjer og formater som er vedtekne. Helse Vest har i brev av 04.02.05 gjort greie for kva Helse Vest vil gjere for å betre rapporteringa.

